



Regionrådet Nordhordland IKS/ Nordhordland
Utviklingsselskap IKS
v/Dagleg leiar Rune Heradstveit

Dato: 19.01.2017
Vår ref.: 2014/10030-106
Saksbehandlar: hilruns
Dykkar ref.:

Førespurnad om samarbeid

Hordaland fylkeskommune, Opplæringsavdelinga, sender med dette førespurnad om deltaking i samarbeidsforum for oppfølging av vedtak i skulebruksplanen, Fylkestinget 4. oktober 2016.

For Hordaland fylkeskommune vil dette vedtaket «*Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemndene.*» sjåast i samanheng med overordna mål og strategiar:

Overordna mål 1

Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov.

Strategiar

- 1.1 Styrke kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering
- 1.2 Styrke samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv

Knarvik vidaregåande skule og Austrheim vidaregåande skule, vert involvert i arbeidet. Arbeidet vil bygge vidare på dei eksisterande møtearenaene for samarbeid mellom skule og næringsliv, der rektorane er representert i m.a. Kompetanseutvalet, Nordhordland Næringslag.

Vi ser det som ønskjeleg med eit samarbeidsforum / ein arena på fylkesnivå for oppfølging av arbeidet for å sikre

- Samarbeid og samhandling med kommunane og næringslivet.
- Retning og konkretisering i oppfølging av vedtaket (Skulebruksplanen 04.10.16).

Arbeidet vil ut frå vedtaket omfatte utprøving av nye undervisningsformer og meir praktisk undervisning i verksemndene som vil inngå i pedagogisk utviklingsarbeid med sikte på hovudmålet om auka læringsutbyte og auka fullføring. I tillegg vil det vere eit siktemål å få grunnlag for å vurdere framtidig behov for areal og arenaer for opplæring i skule og bedrift, jf. vedtaket i Fylkestinget 04.10.16 om moglege nyinvesteringar. Dette arbeidet og spørsmål om framtidig dimensjonering og plassering av utdanningsprogram heng saman med overordna mål og strategi for Opplæring 1.1. og 1.2. ovanfor.

Opplæringsavdelinga inviterer Regionrådet til å oppnemne ein representant til felles samarbeidsforum, og det er fint om det er mogleg med snarleg tilbakemelding.

Nordhordland Næringslag deltek i arbeidet med oppfølging av vedtaket og vidare utvikling av samarbeid mellom skule og næringsliv.

Det førstkomande møtet for nærmare utarbeiding av mandat, organisering, roller og planlegging av arbeidet er sett til 1. februar kl 1400-1530, Fylkesbygget.

Det ville vere svært positivt om ein representant for kommunenivået/regionrådet kan delta på møtet. Om de ønskjer nærmare opplysningar, er det fint om de tek kontakt med regionleiar. Tilbakemelding kan gjerne sendast til postmottak.

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Hillevi Elizabeth Runshaug
regionleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.